



EU og det ekstreme

■ Dei siste åra har mange austeuropeiske land vorte EU-medlemmer, fredsaspektet har vore viktig og EU har byrja å gå i front i miljøpolitikken. Men framleis er det mange kritikkverdige sider ved EU, og no har unionen til og med sørgt for ei organisering av dei høgreekstreme i Europa. Dei vert omtalte som sigøy-nar-hatarar og framandhatarar, som antisemittar og nektarar av Holocaust. Dei utgjør den nye politiske grupperinga i EU.

■ 1. januar i år vart Bulgaria og Romania medlemmer av EU. Dermed fekk ekstremhøgre tjue medlemmer, og det er nok til å danna ei eiga politisk gruppe i Europaparlamentet. Franske Jean-Marie Le Pen er å finna på medlemslista i den nye høgreekstreme gruppa «Identitet, suverenitet, tradisjon». Det same er Allesandro Mussolini, barnebarnet til den italienske diktatoren. Leiaren for gruppa, Bruno Gollnisch frå Nasjonal front i Frankrike, ventar seg at fleire vil slutta seg til nasjonalistane etter kvart. Sjølv ventar han på dom etter å ha nekta for at nazistane nytta gasskammer under den andre verdskrigen og for å ha sådd tvil om Holocaust.

■ Dei ulike høgreekstreme partia har lenge hatt representantar i Europaparlamentet, men både påverknad og taletid har vore kraftig avgrensa. Med utvidinga av EU har dette endra seg. Ei partigruppe får automatisk tilgang til sekretærar, økonomisk finansiering og taletid i parlamentet. No får dei meir politisk påverknad i Europaparlamentet enn nokon gong før.

■ Utan å ha hatt noko ønske om det har EU sytt for å sikra den ekstreme høgresida gode sjansar til å utvikla seg vidare. Truleg er det berre endå eit døme på at samanslutningar som er så store som EU, har ein tendens til å utvikla seg i ei retning som berre dei færraste ønskjer.

Ottar Fyllingsnes